

Emnerapport (hausten 2020) for NORMAU643, kull 2019

Gjennomføring

Dette studentkullet som er i det tredje av i alt åtte semester på erfaringsbasert master i nordisk, har i haust hatt tre to-dagars samlingar med fagdidaktikk. Samlingane var lagde til torsdag og fredag 3. – 4. september, 2. – 3. oktober og 29. – 30. oktober. Alle samlingane har pga. Covid-19, føregått på ZOOM.

Elleve studentar begynte på emnet no i haust, og alle elleve leverte førsteutkast og endeleg utkast på semesteroppgåva.

Karakterfordelinga etter sensur vart slik før eventuell klagesensur: A: 2, B: 4, C: 5

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått via kunngjeringsar på Mitt UiB og litt på e-post.

Rammevilkår

Lokale og undervisningsutstyr: Samlingane var opphavleg lagde til fysiske rom ved UiB, men smitteoppblomstring av pandemien Covid-19 gjorde til at studentar vegra seg for å koma til Bergen. Seinare vart også UiB stengt for undervisning, slik at ZOOM har fungert som klasserommet vårt på alle samlingane i haust. Alle studentane har delteke. Det har i alt vore inne fire ulike faglærarar.

Faglærar sine kommentarar til student-evalueringa(e)

Emneevalueringa vart send ut digitalt, men annonsert på den siste samlingsdagen. Ni av dei elleve studentane svara på evalueringsskjemaet.

Den første samlinga var knytt til danning, tekstlæring og det fleirkulturelle. Den andre samlinga var knytt til lesing og litteraturredidaktikk, og den tredje samlinga var knytt til skriveteori, respons og skriveopplæring. Studentane får tre veker på å skriva ei rettleidd semesteroppgåve på inntil 5000 ord. Dei fekk val mellom to oppgåveordlydar.

Fire av studentane skriv at dei er svært nøgde med undervisninga i emnet, fire at dei er nøgde og ein skriv at hen verken er nøgd eller misnøgd. Omtrent den same evalueringa er det av organisering og informasjon om undervisninga, for her er fire svært nøgde, tre nøgde og to verken nøgde eller misnøgde. Tre meiner at pensum er for stort, medan seks meiner det er passe. Åtte meiner at vanskegraden er passe, men ein student synest det er for lite krevjande. Studentane gjev uttrykk for at dei har møtt gode forelesarar og god struktur. Dei har likt at det har vore variasjon, og at dei har fått høve til å snakka saman i smågrupper om konkrete og praktiske oppgåver undervegs. Dei seier også at dei likar at me viser at me verdset den kompetansen/praksisen dei sit på. Dessutan gjev dei uttrykk for at dei har hatt det kjekt, og at det har vore engasjement og godt humør.

Fire studentar seier dei synest det har vore svært god balanse mellom forelesingar, diskusjonar og gruppeoppgåver på samlingane, medan fem meiner denne balansen har vore ganske god.

Under forbetringstiltak seier nokre studentar at dei gjerne vil ha power-pointar lagt ut så raskt som råd etter samlinga, eller endåtil rett i forkant, slik at dei kan notera undervegs. Det vert også sagt at det er viktig med korte pausar innimellom når alt føregår digitalt, og at det ikkje vert for monologisk. Det kjem også fram at det er viktig at pensum er klart ved semesterstart slik at dei kan starta tidlegast mogeleg med lesinga. Ein student skulle ønskja at kurset hadde gjeve endå meir fagleg fordjuping enn det gjer, og at det vart stilt endå høgare faglege krav til dei som studentar, t.d. fleire skuledidaktiske og skulefilosofiske debattar og problemstillingar. Nokre har ikkje nokon forbettringsforslag og seier det er flott slik det har vore i haust.

Studentane vart også spurde om korleis dei syntest dei individuelle refleksjonsoppgåvene har fungert. Fristane på desse har vore noko korte, gjerne på ti dagar, og det vert også påpeikt. Grunnen til det er at dei tre samlingane også har kome nokså tett i haust, så det har vore viktig å få ut att kommentarar til tekstane før neste samling. Sju av studentane er positive til desse oppgåvene og til omfanget av dei og peikar blant anna på at det er ein god måte å arbeida seg inn i pensum på. Éin student seier endåtil at hen har gleda seg til å skriva ei slik oppgåve. Dei som har innvendingar, meiner anten at det var lite fruktbart, at oppgåvene kunne ha vore meir knytte til praksis og at desse øvingsoppgåvene hadde hatt ei tydelegare modellert utforming av ei skriveoppgåve.

Dei fleste studentane har ikkje andre kommentarar, men tre studentar legg til at dei synest det har vore eit kjekt studium, og det vert også sagt at dersom situasjonen ikkje endrar seg, er det ok. med digitale forelesingar også til våren.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Innspela frå studentane viser at dei dette semesteret trass heildigitale møte, har vore nokså nøgde. Det vil då seia at dei fleste stort sett let vel over alt frå programmet for samlingane, det samansette programmet med ulike forelesarar, innhaldet og variasjon av arbeidsformer og arbeidskrav.

Det er likevel verdt å merka seg tipset om at det gjerne kan vera lurt å dra inn det som er aktuelt i skulepolitikken, og dette kan me igjen også vinkla opp mot teori og gjerne få til interessante diskusjonar med studentane.

Konklusjonen er likevel at me kan halda på hovudskissa for kurset, men passa på at me kvar haust har eit oppdatert og interessant pensum og møter studentane med godt humør og fagleg engasjement.

Emneansvarleg: Ragnhild Lie Anderson